

Ny julegran er undervegs!

15.05.2009



Tor Ove Haugland med den nye julegrana under mellomlanding på Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den permanente julegrana - eller rettare Grano - i Uskedalen har teke til å skranta etter dei første rundt 100 leveåra. Men no er ein avløyssar undervegs. Ei 210 centimeter høg gran kom fredag kveld til Hauglandkrysset og ved 17-tida 17.mai skal ordførar Synnøve Solbakken og musikklagveteranar planta ho på plenen ved Gamleskulen.

Den nye grana, som er ei vanleg 'norsk' gran, vart funne av Knut Stensletten og Lars Myklebust i eit plantefelt på Smedhamrane inntil Haugland skogsveg. Truleg vart ho planta for omlag 12 år sidan og har tydelegvis hatt ein gunstig oppvekst.

Det er ei flott gran som mange kunne tenkje seg å plassere i stova til jul, men no er ho altså tiltenkt eit atskillig lengre liv.

Staden der ho har vakse opp ligg mellom 300 og 400 meter over havet, men skogsvante folk trur ikkje det blir noko problem at ho no blir flytta ned til havnivået. Og skulle ho ikkje trivast går det an å henta ei gran frå eit lågare høgdelag.

Det er ingen grunn til å tru at gamlegrana vil bukka under med det første.

Det var Tor Ove Haugland som henta ned den nye grana ved hjelp av gravemaskin og som no sørger for at ho har det bra til plantinga skjer som eit verdig og spesielt punktum for nasjonaldagfeiringa i bygda dette året.

Av Ola Matti Mathisen